



Hardanger
fartøyvernssenter

Invitasjon til fagutviklingsseminar for fartøyvernet - tema skipsdata

Hardanger fartøyvernssenter har gleda av å invitera til seminar om arkivsøk ved Norsk Maritimt Museum i Oslo 28.-29. september 2023.

Dette første årlege seminaret for fagutvikling i fartøyvernet tek for seg arkivsøk.

Tema for seminaret er samarbeid om skipsdata mellom museum, fartøyvernssenter, lokalhistorikarar og private samlarar.

Seminaret finn stad ved Norsk Maritimt Museum på Bygdøy i Oslo der me får tilgang til og omvising i museumsbiblioteket og arkiv.



Førebels program



Deltakaravgift
(kr 500,-)
inkluderer kaffi og
lunsj.

Avgrensa tal
plassar. Vi ynskjer
primært å samle
deltakarar med
tilgang til kjelder
og/eller kunnskap
om tematikken.
Det kan hende vi
må vere selektive
dersom mange vil
delta. Skriv derfor
nokre ord om
bakgrunnen din.

Meld di interesse
for å delta innan 14.
august til
[elisabet.janssen@
fartoyvern.no](mailto:elisabet.janssen@fartoyvern.no)

Torsdag 28. september

09:30 - 10:00 Kaffi.

10:00 - 10:30

Presentasjonsrunde og
velkommen.

*Håvard Gjerde, Hardanger
Fartøyvernssenter (HFS)*

10:30 - 11:30

Problemstillingar
og moglege
samarbeidsprosjekt.

Håvard Gjerde, HFS

11:30 - 12:00

Diskusjon

12:00 - 12:45 Lunsj.

12:45 - 14:00

Arkiva og samlingane ved
Norsk maritimt museum
(NMM). Innleiing og
omvising.

14:00 - 15:00

Om Norsk skipshistorisk
selskap og eiga samling av
skipsdata.

Dag Bakka

15:00 - 16:30

Gruppearbeid: Systematisk
gjennomgang og
fotografering/registrering
av skipsdata.

16:30 - 17:00

Oppsummering av dagen.

**19:00 Felles middag for
dei som ynskjer det.**

Fredag 29. september

09:00 - 10:00

Dokumentasjonssenter for
fartøyvern.

Elisabet Janssen, HFS

10:00 - 10:30

Diskusjon.

10:30 - 12:00

Gruppearbeid: Systematisk
gjennomgang og
fotografering/registrering
av skipsdata.

12:00 - 12:45 Lunsj

12:45 - 13:30

Presentasjon av innsamla
skipsdata.

Arild Engelsen

13:30 - 14:15

Erfaringar med skanning
av arkiv samt litt om
fotogrammetri og
panoramafotografering.

Gunnar Holmstad,

Nordnorsk fartøyvernssenter

14:15 - 15:30

Oppsummering og vegen
vidare.

15:30 - 17:00

For dei som har høve:
Systematisk gjennomgang
og fotografering/
registrering av skipsdata.

Fartøyvernssentra har i mange år drive med djupdykk i arkiva for å finne mest mogleg opplysingar om enkeltfartøy. I arbeidet med å dokumentere den tekniske historia til eit skip og å finne svar på korleis detaljar mest sannsynleg har sett ut, må me ofte sjå til liknande skip, som til dømes kan knyttast til same verftet, perioden, bruksområdet eller tradisjonen. Dessutan er vernestatusen gjerne knytt til ei eller anna form for representativitet: at det verna fartøyet representerer meir enn seg sjølv, og då vert eventuelle likskapar og ulikskapar med samanliknbare fartøy av stor betydning.

I arbeidet med dokumentasjon av enkeltfartøyet og konteksten det høyrer til, har fartøyvernssentra hatt stor nytte av privatarkiv og amatørar (amatør = ein som elsker eit emne eller fag utan å ha det som leveveg) som har samla fotografi og skipsdata. Me er overtydde om at både amatørmiljøa, musea, arkiva og fartøyvernssentra vil ha gjensidig glede og nytte av eit formalisert samarbeid om deling, systematisering og tilgjengeleggjering av skipsdata.

Fartøyvernssentra har frå før god erfaring frå samarbeidet med alle dei frivillige som er knytt til eit verna fartøy. Nå er tida moden for eit målretta samarbeid med dei fagleg dyktige og dedikerte amatørane, som har brukt fritida si på å samle og systematisere verdifull skipshistorikk. Å legge grunnlaget for eit slikt samarbeid er hovudmålsetnaden med dette fagutviklingsseminaret. Musea er også naturlege samarbeidspartnarar i denne samanhengen, derfor har me invitert nokre utvalde museum og lagt seminaret til Norsk Maritimt Museum.

Mål: Skipsdatabase

Det er behov for ein ålment tilgjengeleg og lett søkbar database over enkeltfartøy, der opplysingar som verft, byggjeår og vekslende fartøynamn, eigarar og historiske hovuddata er førte opp. Ein slik database må konsekvent nytte kjeldebelagde opplysingar og den må vise til eventuelle utfyllande kjelder.

Første delmål

- Danne eit nettverk av profesjonelle og friviljuge som kan samarbeide om å kartlegge, samle og dele opplysingar.
- Einast om avgrensingar, roller og mandat.
- Ein må einast om ei digital plattform, der opplysingar vert lagde inn etter visse retningslinjer.
- Lage eit oversyn over allereie digitaliserte og publiserte kjelder.
- Komme vidare i arbeidet med eit oversyn over offentlege arkivkjelder.
- Kartlegge relevante privatarkiv.
- Finne rutinar og samarbeidspartnarar for skanning, lagring og deling av arkivmateriale.
- Søke offentleg stønad mellom anna til arbeid med skanning.

Etter at databasen er etablert

- Utvide feltet til å gjelde både større og mindre farkostar av alle typar og aldrar, inkludert importerte fartøy, slik som engelskkutterane.
- Utvide feltet til å gjelde norskbygde maskiner og ev. anna utrusting.
- Utvide feltet til å gjelde norske verft

Kontakt

Faglege spørsmål og tilbakemeldingar: Håvard Gjerde, 482 23 545, haavard.gjerde@fartoyvern.no

Praktiske spørsmål og påmelding: Elisabet Janssen, 901 55 596, elisabet.janssen@fartoyvern.no